

**Dokumentasjon for
Gjeldsfradrag for kapitalisert festeavgift for fritidsboligen «Livd» 351/1/6 i Voss herad
Vasstrondvegen 61, 5713 Vossestrand
Skatteåret 2022**

Fritidsboligen «Livd» 351/1/6 i Voss eies med en halvpart hver av brødrene
Lars Sætre 120951 41380, Birkebeinergaten 1, 5003 Bergen, og
Ola Sætre 060347 40338, Tampereveien 4A, 7020 Trondheim.

Skattemessige forhold deles 50/50 mellom oss eiere.
(Dette gjelder også Felleskonto 3480.51.25111 i Voss Sparebank.)

(1)

Årlig festeavgift til grunneier Margunn Blikberg Nordgård og Jørn Nordgård har vært og er **NOK 200**. Denne er i 2022 innbetalt som vanlig til deres bankkonto 3578.05.30535.
(Dokumentasjon vedlagt (Voss Sparebank).)

(2)

Etter pålegg fra grunneier om endring av parkering for og tilkomstmulighet til eiendommen vår på festet, har vi eiere 07.04.22 signert «Avtale om bruk av veg» f.o.m. 2022, med årlig avgift **NOK 2.500**. Denne festeveiavgiften innbetalte vi for året 2022 til grunneiers bankkonto 3578.05.30535 den 07.04.2022. (Dokumentasjon vedlagt (Voss Sparebank).)

(3)

Festeveiavtalen av 07.04.22 med underlag er vedlagt nedenfor.

(4) Gjeldsfradrag

I tilknytning til festet betaler vi fritidsboligeiere med dette, f.o.m. 2022, $200 + 2500 = \text{NOK } 2.700$ til grunneier. Dette ber vi om gjeldsfradrag for.

Utrekningen:

$2.700 \times 10 = 27.000$, delt på 2 fritidsboligeiere (Lars og Ola) = **NOK 13.500 hver**.

Transaksjonsdetaljar

TRANSAKSJON - DETALJAR 3480.10.29673	
Motkonto	3578.05.30535
Beløp	- 200,00
Kontoeigar	Lars Sætre
Bokføringsdato	03.01.2022
Valuteringsdato	03.01.2022
Betalt dato	03.01.2022
Type	OVERFØRT
Arkivref	50348038925
Alfareferanse	Til: 3578.05.30535 Betalt: 03.01.22
Numref	10492130000
KID	

[Tilbake](#)

Transaksjonsdetaljar

TRANSAKSJON - DETALJAR 3480.10.29673	
Motkonto	3578.05.30535
Beløp	- 2 500,00
Kontoeigar	Lars Sætre
Bokføringsdato	07.04.2022
Valuteringsdato	07.04.2022
Betalt dato	07.04.2022
Type	NETTGIRO
Arkivref	50348079343
Alfareferanse	Nettgiro til: 3578.05.30535 Betalt: 07.04.22
Numref	908083
KID	

[Tilbake](#)

Avtale om bruk av veg

Det er i dag inngått fylgjande avtale mellom
Margunn B. Nordgård, eigar av g.nr 351 b.nr 1

og

Lars Sætre og Ola Sætre, eigarar av hytte på g.nr 351 b.nr 1 f.nr 6

om bruk av driftsveg til hytte "Livd" g.nr 351 b.nr 1 f.nr 6. Vegen startar ved Fylkesveg 5404, Vasstrondvegen, går på vestsida av Ågotahaugen og endar på sør-aust side av tomta "Livd".

Festenr 6 har rett til ordinær bruk av driftsveg som er tilkomst til hytte-eigedom.

Festenr 6 bidreg med ei årleg avgift for rett til bruk og vedlikehald av driftsvegen på kroner kr. 2500,- som innbetalast til kontonr. 3578.05.30535 den 01.02. kvart år. (Jfr. års-KPI pr. 10.01.)

Avgifta kan indeksregulerast kvart 5. år – fyrste gong pr 10.01.2027 basert på års-KPI for 2026.


Festenr 6 si parkering ved Fylkesveg 5404, Vasstrondvegen fell bort, då festenr 6 no har parkering på eigen grunn.


Brøyting av driftsvegen vinterstid er 351/1 uvedkomande.

Denne avtalen er skriven i to eksemplar, med eitt til kvar av partane.

Vossestrand/Bergen/Trondheim 07.04.2022

Med ref. til e-post av 07.04.2022, med "Livd"-signert avtale som vedlegg som pdf og Word, på vegne av Lars Sætre og Ola Sætre:


Margunn B. Nordgård
Eigar av 351/1


Lars Sætre og Ola Sætre
Eigarar av 351/1 festenr 6

Fra: Lars Sætre <Lars.Saetre@uib.no>

Emne: SLUTTFØRD AVTALE – **Re: Kommentarer til vegavtaleforslag**

Dato: 7. april 2022 kl. 02:13:32 CEST

Til: Margunn Blikberg Nordgård <margunn@vorek.no>

Kopi: jørn helge nordgård <jorn99@gmail.com>, Ola Sætre <ola.sae3@online.no>

Hei igjen Margunn og Jørn,

Cc: Ola S

(1)

AVTALEN:

Takk for oversendt nytt avtaleutkast av 28/3-2022.

Idet me viser til kommentarane dykkar i eposten av samme dato og til tidlegare kontakt og korrespondanse om saka, kan me akseptera avtalen slik de no har formulert den.

NB: Av reint praktiske årsaker foreslår me årleg betalingsfrist endra frå 01.01. til 01.02. (jfr. at publisering av føregåande års ÅRS-KPI skjer først pr. 10.01. kvart år), samt presisering av første gongs regulerings-grunnlag og -tidspunkt. – Me er takksame for at de har innarbeidd fleire av omsyna våre i dette nye utkastet.

—> Det einaste me ikkje kan sjå at de har respondert på, er punktet vårt om at det er greitt at me frå og med signeringa av avtalen og første årets innbetaling, mellombels kan parkera inntil "Livd"-tomtegrensa på riggplassens nord-austre hjørne – fram til opparbeidinga av vegstumpen inn på 351/1/6 og av vår framtidige parkeringsplass dér er realisert. På bakgrunn av den grundige gjensidige digitale og telefoniske kontakten me har hatt om saka, heilt frå primo oktober 2021, forstår me det slik at me på dette punktet kan ta det for gitt frå no av at slik mellombels parkering dér er i orden.

Overføringa av 2.500 kr som første avtale-årets avgift (01.02.2022 til 01.02.2023) er nyss lagt til utføring gjennom Lars sin nettbank. – Avtalen, signert frå Ola og mi si side, er vedlagd her, både som pdf og i Word-format. (Sjølve handtrekks-underskrifta di, Margunn, ordnar du på den for deg beste digitale måten, og me ser for oss at du returnerer avtale-dokumentet også med underskrifta di påført, straks du har høve til det.)

Samstundes er me svært glad for at de i samråd med oss, når snøen er faren, skal finna ei konkret løysing på vegstumpen frå riggplassens nord-austre hjørne og opp på "Livd"-tomta 351/1/6, og at de vil ta på dykk dette oppdraget med å laga denne vegstumpen inn på hyttetomta og å laga parkeringsplassane våre der i 2022.

Me vil vera på hytta som vanleg utover resten av vinteren, våren, sommaren osv., også i påsken. Kanskje litt avhengig av når snøen fer i vår, vil me gjerne ha ei synfaring med dykk under eit av opphalda for å verta samde om nøyaktig kvar denne traséen skal gå, og om kva denne vegstumpen og parkeringsplassane praktisk vil krevja. (Det vil nok bl.a. krevja litt tre- og buskfalling, dreneringsgrøfter, pukk/grus-tilføring, m.a.) – Ja, dette er sjølv sagt eit oppdrag utanom vegavtalen. – Er det mogleg for dykk å antyda i vekene hhv. månadane framover kva tid de trur me kunne treffast til slik synfaring og avtale om gjennomføring? (Eg hugsar ikkje kva veker du Jørn er i Nordsjøen, og kva veker du er heime.)

(2)

TREFELLING:

Elles, ver vennlege og sjå dei påfølgjande epostane for emne nr **(2) TREFELLING**. Desse epostane dreier seg om ein førespurnad til dykk om eit anna oppdrag (altså enno ikkje tre-fellingane, jordjamninga, dreneringsgrøftene, grusinga/pukkinga/jordtilførsla som er naudsynte i samband med vegstumpen opp på tomta og for parkeringsplassane våre dér). – *Denne*, den første førespurnaden vår om oppdrag her og no, gjeld høge (og dels tunne) tre som har vakse seg enormt høge dei siste par åra: 3 einskildtre, 2 fellesrøta tregrupper, som begge kan vera godt å få vekk først som sist. Dette oppdraget ser me for oss kan vera greitt å få gjort medan snøen enno er der, men i dette høyrer me sjølv sagt òg på råd og sunspunkt frå dykk.

Med beste helsing,

pva Ola og meg,

– Lars S

--

Professor em. Lars Sætre
Comparative Literature
Dept. of Linguistic, Literary and Aesthetic Studies (LLE)
Research Leader TAS / National Board Member TBLR
University of Bergen
Sydnesplass 7
N-5007 Bergen, Norway
Cell: +47 958 23232
<https://www.uib.no/personer/Lars.Saetre>
<http://www.folk.uib.no/hjils/home/Lars.htm>